

# Referat frå SU-møte 30. november 2020

Desse møtte: Marit Bystøyl (leiar i SU) Rune Lunde (nestleiar i SU), Karin Haugane (tilsettere representant), Hildegunn Bergheim (tilsettere representant), Mette Johannessen (styrar), Anne Kristin Lund (assisterande styrar og referent) og Olaug Marie Bjelde (eigarrepresentant).

## Sak 13/20 Godkjenning av saklista

Alle innkomne saker er informert om, ingen merknader.

## Sak 14/20 Infosaker frå styrar

### Byggeprosessen

- Har fått godkjenning frå arbeidstilsynet.
- Vedtaket om endring av reguleringsplanen sendt ut og det er no 3 veker med klagefrist der; kommunen har sendt ut nabovarsel.
- Viss det kjem klage frå naboar står me i fare for at det ikkje blir permanent 5/6 avd. bhg.
- Satsa på å lyse ut anbodet innan onsdag neste veke – Byggestart i januar.
- Har satt av 5 millionar i investeringsbudsjettet til ombygginga.
- Kan vurdere å opne portane att viss/når Knubben og Skuleholten blir permanent.
- Når det er bestemt entreprenør skal Mette og Eirik Rygg ha møte med dei og diskutere korleis bygginga vil påverke bhg-drifta.

### Midlertidig flytting kva tenker de?

- Styrar informerte om at det kan bli nødvendig å flytte Knubben og Skulehoten ut av Kjørnes bhg. og inn i Fosshagen bhg, som har to ledige avdelingar, for ein periode for å effektivisera arbeidet.
- Foreldrerepresentantane ønskjer heller å finne gode løysingar her i bhg. Tenke litt korona-bhg som i mai – med turdagar til Sogndal og nærmiljøet. Storbarnsavdelingar ute er med på å frigjere plass for dei yngste i bygget. Bli her så lenge det går.
- Styrar sa me må avventa til entreprenørane er på plass med å finne gode løysingar til byggeprosessen.
- Foreldrerepresentantane vil presisera at foreldra ikkje ønskjer mellombels flytting til Fosshagen bhg under byggeperioden. Håpar barnehagen finn ei løysing på Kjørnes. Til dømes utebarnehage for storbarna, medan Knubben nyttar innearealet til storbarna, eller bruka Vetlebekken til Knubben.
- Tilsette og SU har fått sett på teikningane og fått kome med innspel, har vore ein god dialog med Eirik Rygg under prosessen.

- Teikningar for uteområdet er berre ei skisse – me ynskjer å bevare det ulente terrenget i størst mogeleg grad, men dette er Eirik informert om.
- Er komt innspel frå SU om å sjå på inndelinga av uteområdet. Tilsette er fornøgd med inndelinga som er no er bhg, men kan sjå på om me skal flytte gjerdet mellom Skuleholten og lavoen litt opp.
- Foreldrerepresentantane stiller spørsmål ved om 5 mill. er realistisk å koma i mål med, men det veit me ikkje før me har fått pris frå entreprenør. Ønskje frå tilsette om vedlikehald av gulehuset, men ikkje nok peng til det. Vedlikehald har ingen ting med investeringar til nye bygget - sender stafett pinnen vidare til Olaug Marie Bjelde (eigarrepresentant), som tek saka inn til det politiske møtet.
- Bhg vil fortsette å informere foreldra når det er noko nytt i prosessen.
- Bhg oppfordrar alle om å nytte hovudinngangen til barnehagen; viktig no i byggeprosessen.

## Gruppebilder

- Alle avdelinga tek gruppebilete om våren og legg det i mappa til barnet som dei får med seg når dei sluttar i bhg. Bilda blir ikkje sendt ut på e-post fordi nokre har reservert seg for bilete på nett.
- Ynskjer om å få gruppebilde for kvart år på sommaravslutning.

## Sak 15/20 Innkomne saker frå foreldra

### Tilgang til vogn til Skuleholt og Knubben, opning av grind mot sør berre for gåande og syklende.

- Får ikkje gjort noko så lenge vi ikkje har permanent godkjenning.
- Stenging av grind/portar på Skuleholten og Knubben vart bestemt av kommunen, ikkje barnehagen.
- SU og naboar har sendt ønske til kommunen om at portane skal bli opna opp att.
- Ynskjer ny lås på hovudporten; “kulelås” fordi den klarer ikkje borna å opne. Går på sikkerheita til barna. Ny lås til port vil gå på barnehagen sitt budsjett.
- Verneombod Karin Haugane tek kontakt med vaktmeister Geir om dette; Geir seier det vil koste mellom 3000 og 6000 kr.

## Ynskje om fast rullering på uteområdet

- Har drøfta dette i personalgruppa, og kom fram til at ein ikkje ynskjer faste dagar på uteområda, men heller stå fritt kva me ynskjer å bruka. På morgonmøtet tek me opp kva område som er ledig og som kan nyttast av andre. Alle avdelingar har turdagar og faste dagar på gymrom i løpet av veka.

- Knubben og Skuleholten har litt lite området, men Skuleholten kan òg bruka nedste del av skogen på Furehaugen om ettermiddagane og Knubben då heile området ved Knubben/Skuleholten.
- Oppfordra alle til å lese vekeplan og oppsummeringa; der står det om turar, aktivitetar og kva områder som har blitt nytta i perioden.
- Om ettermiddagen er det mest praktisk å vere ute nær avdelinga i hentedida, med tanke på dogåing, bleieskift og henting av sekkar, no når me ikkje skal blanda oss med dei andre avdelingane.

### **Avdelingsvis samling med foreldre før jul ute: er det mogleg ift smittevern?**

- Me er fortsatt på gult nivå i kommunen og må forholde oss til smitteverns reglar ( 1 m avstand). Viser til referat frå sist møte sak 10/20 at bhg ikkje tenker det er heldig å ha foreldrearrangement i bhg i år, men at det kan skje i regi av foreldra ute utanom opningstid .
- Grunna avgjersla på SU møte 10.09.20, har me heller ikkje lagt det inn i planar for desember.
- Foreldrearrangement er ein viktig arena for miljøet; å få samlast ein plass og bli kjent. Men vanskeleg i forhold til smittevern.
- Det er lov, men bhg har ganske strenge smittevernstiltak no og ønskjer ikkje å stå ansvarleg. Foreldrerepresentantar står fritt til å organisera.
- SU samde om å avventa samankomst no før jul.
- Bhg kan bidra med å oppfordre foreldra til å bli kjent; har gitt ut adresselister til foreldra. Kan òg variera kven ein tek med heim.

### **Ynskje om å tona ned julefeiring i november/desember, slik at det kan vera opp til kvar ulik familie å bestemma kva ein gjer ift jul. At barnehagen er motpol til det kommersielle.**

- Barnehagen viser til rammeplans fagområdet - etikk, religion og filosofi der personalet skal:

*Gi barna kjennskap til og markere merkedagar, høgtider og tradisjonar i den kristne kulturarven og andre religionar og livssyn som er representerte i barnehagen.*

- Barnehagen bør få ein betre oversikt over kva religionar som er representerte i barnehagen, slik at me kan markere om ynskje frå foreldre.
- Advent og førjulstida er ei tid med fokus på tradisjonar og kjennskap til jul, me feirar ikkje men markera. Me organisere julegrupper/ aktivitetsgrupper i november/desember slik:
  - Forming der me nyttar mykje naturmateriale – der borna får lage gåve.
  - Lesestund med ulike forteljing knytt til årstid vinter og jul.
  - Bakegrupper – peparkake, kvitekakemenn, andre småkaker, lussekattar.

- Utedag med trehogst, leik og pynting til advent der me nyttar gjenbruk.
- Grunnen til at julegrupper er i november er fordi det ikkje skal bli stress i desember grunna andre arrangement som nisseleit, lucia, julebord, grautfest og peparkakeby på Meny.
- Ynskjer de at me flytter julegruppene til desember? Om det er ynskje må me kutte andre arrangement i desember som nisseleit, lucia, julebord, grautfest og peparkakeby på Meny (lilla gruppe), kyrkjebesøk (rosa og grøn gruppe) jamf. årshjul.
- Avdelingane sender ut info om kyrkjebesøk, og då har foreldra moglegheit til å gi beskjed om deira barn ikkje skal delta og heller vera med på alternativt opplegg.
- Alle avdelingar har adventsamling frå 1. desember der ein tenner lys, trekke kalender, syng og høyrer fortellingar. Er dette noko av det de foreldre ynskjer skal vera opp til kvar ulik familie å bestemma?
- Viss me skal gjere store endringar ynskjer me i bhg å høyre stemma frå alle foreldre.
- Barnehagen kan eventuelt lage ei spørjeundersøking på dette om ynskje.
- Foreldrerepresentantane syns juleførebuinga er kjempesyn; borna gleda seg. Men det blir mykje tidleg, opplever at når julaftan kjem er borna slitne. Kan ein kutta noko? Mykje kjøpepress opp mot jul.
- Ta denne saka opp att i evalueringa til våren før ny årsplan. Kan bruke kafèdialog eller spørjeskjema – lettare å få alle stemmer med.
- Korleis fange opp religionane? Kanskje nokon ynskjer at borna ska få med seg for å forstå kulturen. I Sogndal er det blant anna ein del som er muslimske – mange av dei ynskjer at borna skal få vera med for å oppleve tradisjonane. Difor viktig at me får tak i kva ynskje foreldre har for korleis me skal markere ulike høgtider i barnehagen.
- SU ønskje å gå for ei spørjeundersøking, ikkje berre om jul, men om innhaldet for heile året. Ein anonymisert spørjeundersøking. Ingen endring i år, men tek det med oss til våren. Spørsmålsformulering tek me oppatt i SU før foreldremøte.

## Sak 15/20 Ymse

- Behov for vedlikehald av gulehuset – Olaug Marie Bjelde som eigarrepresentant tek dette innspelet med seg vidare til kommunen.